



## RÅDSMEDLEMMENE

### INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 14.06.2018

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Jondal kommunehus, kommunestyresalen

Møteplanen i Hardangerrådet godkjent 14.09.2017 gjeld som møteinnkalling.

#### Agenda:

09.10 – 11.30	Orienteringar: <u>Design Thinking</u> Sluttrapport Merkevarer Hardangerfrukt – Marknadstilgang for Hardangerfrukt <u>Hardanger Kunstlag v/Johild Mæland</u> Husværet i Berlin – vidare plan for leige <u>Næringsshagen i Odda v/Marie Opheim og Team Hardanger v/Natalia Golis,</u> Regional Næringsstrategi Hardanger <u>Digitalisering og innovasjon, Bergen kommune v/ Kjetil Århus</u> Digisos og felles digitaliseringsprosjekt for Hordaland <u>Hordaland fylkeskommune v/ Vidar Totland</u> Invest in Bergen /Etablerarsenteret - Status og planar
11.30 – 12.30	Lunsj
12.30 – 15.00	Sakshandsaming

#### Saker til handsaming:

HR-sak	22/18	Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 28/18.
HR-sak	23/18	Meldingar
HR-sak	24/18	Hardangerrådet frå 2020 – status etter herads-/kommunestyrehandsaming Drøfting
HR-sak	25/18	Regional Næringsstrategi Kjøp av rettar til å nytta planen Sak utsett frå førre møte i Hardangerrådet
HR-sak	26/18	Studietur hausten 2018 Drøfting/Program. Utkast til program vert delt ut i møtet.
HR-sak	27/18	Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.
HR-sak	28/18	Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 6. juni 2018

Hans Petter Thorbjørnsen/s  
Rådsordførar

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar



Møtedato 14.06.2018	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

**HR-sak 23/18 Meldingar**

- Melding 1** Invitasjon til Samferdsleutvikling i Hordaland frå Hfk av 15.5.2018
- Melding 2** Søknad om støtte til etablering av toalett anlegg på Bu frå Per Olav Opedal av 16.5.2018.
- Melding 3** Svar på henvending om det er mogleg for Hardangerrådet å stilla lånegaranti frå Indre Hordaland Revisjon av 16.05.2018
- Melding 4** Brev til Stortingsrepresentant Terje Breivik om lovfesta responstid for ambulansar i Norge frå Hardanger Ungdomsråd av 22.5.2018.
- Melding 5** Regional plan for kompetanse og arbeidskraft frå Hfk, av 22.5.2018.
- Melding 6** Uttale vedr. deltaking i Lyntogforum frå Hardangerrådet av 04.06.2018.
- Melding 7** Kommentar på artikkel i BT om studentar som melder flytting frå Hardangerrådet av 01.06.2018.

1. Melding HR

## INVITASJON

### SAMFERDSLEUTVIKLING I HORDALAND

Dialogmøte om Nasjonal transportplan og statlege rammevilkår innan samferdsle

Eg ønskjer vel møtt til eit dialogmøte **tysdag 19. juni 2018 kl. 10.00–15.00** på hotell Terminus, Bergen.

Hordaland og Vestlandet har behov for store investeringar innan samferdsle, og for midlar til drift og vedlikehald av veg- og kollektivnettet. Dette krev gode rammevilkår og statlege investeringar.

Viktige aktørar i fylket må vere koordinerte og leggje ein felles strategi opp mot sentrale styresmakter. Det er særleg sentralt å vere godt førebudd i dei pågåande arbeidet med ny Nasjonal transportplan for perioden 2022-33.

Dialogmøtet skal drøfte korleis vi skal posisjonere og organisere oss i dette arbeidet.

Påmelding på:  
<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/samferdsleutvikling-i-hordaland/>

Bakgrunnsnotat vert sendt ut til påmeldte før møtet.  
Det er inga konferanseavgift.

**Anne Gine Hestetun**  
Fylkesordførar

Saksnr.		Videres. til:	
Dok.nr.:	Arkivkode:		
Løpnr.:	U.off.5		
15 MAI 2018			
Saksnr.:		Kopi til:	
Hardangervædet fks			

2. Md HR

**Fwd: Søknad om "støtte" til etablering av toalett anlegg på Bu.**


1 e-post

**Eitrheim, Jostein** <jostein.eitrheim@hardangerradet.no>  
 Til: Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerradet.no>

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks

Jostein Eitrheim  
 Dagleg leiar

post@hardangerradet.no  
 Tlf 53671450 / 47669524

 <b>Hardangerrådet iks</b>		
Saksbeh:	Kopi til:	
16. MAI 2018		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løpnr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Per Olav Opedal** <pero.opedal@vis-veg.no>

Dato: 16. mai 2018 kl. 08:19

Emne: Søknad om "støtte" til etablering av toalett anlegg på Bu.

Til: "anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no" <anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no>, Solfrid Borge <solfrid.borge@ullensvang.herad.no>, Eitrheim Jostein <Jostein.Eitrheim@hardangerradet.no>

Hei.

Vedlegger søknad om dra hjelp økonomisk i forbindelse med etablering av det planlagte toalett anlegg og kiosk på Bu.

- Vedlegg Nr. 1 Søknad
- Vedlegg Nr. 2 Intensjonsavtale med grunneier (Per Frode Bu)
- Vedlegg Nr. 3 Viser plassering av anlegget og tegninger
- Vedlegg Nr. 4 Er en «tre dimensjonal» skisse over «prinsippet».

Totalt har en ett investerings budsjett på kr.2.345.000.-

Kr. 0.8 mill er egenkapital / evtnt. støtte fra Innovasjon Norge.

Siden me jobber med og bygge opp en helt «ny teknologi» innenfor toalett løsninger er søknaden til Innovasjon Norge en generell søknad om støtte basert på «ny utvikling» av teknologien.

I vedlagt søknad til dere,(Eidfjord Kommune, Ullensvang Herad og Hardangerrådet) søker me om kr. 500.000 fra kvar av dere som er tenkt benyttet som garanti stilles for ett bank lån på kr. 1.5 mill.

Eg vet ikke hvilken muligheter som finnes hos kvar enkelt av dere med tanke på størrelse av beløp dere har muligheter for ? derfor har eg gjort det «enkelt» 1/3 på kvar.

Finnes det kommunale tilskudds ordninger etc. ? er det ett bra alternativ (redusere låne behovet)

Til info vil selskapet **POSS as** (som er søker) ha en as kapital på minimum kr. 500.000.- når en har fått «landet» det hele. (søknader, godkjenninger etc.)

Skulle det være noe uklarheter rundt det hele ? ta kontakt.

Vennlig hilsen,

**Per Olav Opedal**

Mobil: +47 91 17 43 49

---

**4 vedlegg**

 **Untitled\_16052018\_073945.pdf**  
541K

 **Untitled\_16052018\_074005.pdf**  
810K

 **Untitled\_16052018\_074031.pdf**  
1121K

 **Untitled\_16052018\_074057.pdf**  
1173K

Ullensvang Herad v/ ordfører Solfrid Borge  
Eidfjord Kommune v/ ordfører Anve Johan Tveit  
Hardangerrådet v/ dagleg leiar Jostein Eitrheim

**Søknad om støtte/ garanti.**

**POSS AS (org. nr. 920 444 180)** er ett nyetablert selskap som satser på ett nytt marked innen for drift og bygging av toalett anlegg kombinert med kiosk drift.

I dag har selskapet ett anlegg på BU under planlegging der byggesøknaden er sendt til Ullensvang Kommune og intensjonsavtale med grunneier Per Frode BU er på plass (kopi ligger vedlagt)

Anlegget som er planlagt har 5 stk toalett, der av ett stk handicaptaolett og en stk. urinal.

I tillegg er det personal rom (dusj/toalett i forbindelse med kiosken)

Selve toalett løsningen er basert på ny teknologi som er utviklet lokalt (vakuum og minimalt med vann ca 0.1 liter pr skylling)

Vaskevannet fra handvasken skal på sikt renses og benyttes om igjen.

Produksjon av fremtidige anlegg skal skje lokalt. Markedet er internasjonalt da det viser seg at toalett anlegg basert på vår filosofi er mangelfullt over det hele (hele verden)

Skal en kunne holde ett toalett anlegg ordentlig og innbydende kreves det personell som er tilgjengelig til ei kvar tid for ettersyn og renhold. Derfor vil det i tilknytting til selve toalett-anlegget bli etablert en kiosk.

Kiosk driften er basert på salg av lokal produsert mat der en har til hensikt og selge produkter fra bl.a Hardanger Smak i Øystese og andre lokale produsenter.

**Totalt er investerings budsjett kr 2.345.000.**


Der av **kr. 845.000 er egen kapital** ( evt. støtte fra Innovasjon Norge søknad er sendt)

**Fra dere søker me om støtte / garanti (for banklån) på totalt kr. 1.5 mill.** (eks. kr. 500.000 fra kvar av dere Ullensvang Herad, Eidfjord Kommune og Hardangerrådet)

Håper på en positiv behandling på søknaden da målsetningen er og ha anlegget opp og gå så raskt det er praktisk mulig.

Skulle det være noen spørsmål ta kontakt.

Lofthus, 16.5.2018

  
Per Olav Opedal





Rinaldo, Trude &lt;trude.rinaldo@hardangerraadet.no&gt;

---

**Fwd: Spm vedr garanti - Hardangerrådet**

---

**Eitrheim, Jostein** <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

22. mai 2018 kl. 13:02

Til: Per Olav Opedal &lt;pero.opedal@vis-veg.no&gt;, Solfrid Borge &lt;solfrid.borge@ullensvang.herad.no&gt;, Anved Johan Tveit &lt;anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no&gt;

Kopi: Trude Rinaldo &lt;trude.rinaldo@hardangerraadet.no&gt;

Hei !

Vidaresender til orientering epost frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vedr. mogeleg lånegaranti frå Hardangerrådet iks.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiarpost@hardangerraadet.no  
Tlf 53671450 / 47669524

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Elin Bye** <elin@ihrevisjon.no>

Dato: 16. mai 2018 kl. 11:05

Emne: Spm vedr garanti - Hardangerrådet

Til: "Jostein.Eitrheim (Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no)" &lt;Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no&gt;

Hei Jostein,

Jeg har undersøkt litt vedr spm ditt i går.

Jf. Lov om interkommunale selskaper §22 6. avsnitt - « Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andres økonomiske forpliktelser» - Jeg har ikke klart å finne unntaksregler for denne bestemmelsen. Ergo kan ikke IKS stille garanti. Dette blir presisert i 8. avsnitt som sier at slike avtaler vil være ugyldige.

Men kommuner kan stille garanti, med visse begrensninger. Jf. forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier går det fram at garantier under kr. 500.000 kan inngås av kommunestyre - garantier over 500T - må godkjennes av departementet.

Så løsningen blir ikke garanti fra Hardangerrådet. Men er det vurdert om Hardangerrådet har andre midler de kan vurdere å gi som tilskudd/lån? Alternativt at vedkommende søker alle kommuner direkte om garantistillelse. Håper det ga deg svar og ett utgangspunkt for problemstillingen.

Vi snakkes!

Med venleg helsing

Elin Bye  
Registrert Revisor[Beskrivelse: Beskrivelse: Beskrivelse: Beskrivelse: Beskrivelse: Beskrivelse: Beskrivelse: Beskrivelse:  
cid:image001.gif@01CDDE92.52060490]

---

**Indre Hordaland Revisjonsdistrikt**  
Kontor: 56 53 00 20 - [www.ihrevisjon.no](http://www.ihrevisjon.no)<<http://www.ihrevisjon.no/>>  
Direkte: 56 53 00 23 / 98 64 45 70



Hardanger

Til  
Storingsrepresentant Terje Breivik

Kopi  
Storingsrepresentant Kjersti Toppe  
Ordførarane i Hardanger  
Helse Bergen, Helse Fonna , Helse Vest

4. Melding HR

Hardangerrådet		
Saksbeh:	Hardanger Ungdomsråd	
22. MAI 2018 <i>med auge for framtida!</i>		
Saksnr.:	Bok.nr.:	Løp.nr.:
Videreg. til:	Arkivkode:	U.off. S

Kinsarvik 22.05.2018

**VEDRØRANDE:**

**HARDANGER UNGDOMSRÅD BER OM AT RESPONSTID FOR AMBULANSE VERT LOVFESTA I NORGE, DVS MAX 12 MINUTT I BY OG MAX 25 MINUTT I BYGDA.**

Me i Hardanger Ungdomsråd synest det er rart at det ikkje er same lovkrav til responstid for ambulanse som for brann.

I dag vert anbefalt responstid ofte overskride med mange hundre prosent, og det er ikkje akseptabelt. Difor ber me om ny lov.

Ein har rett på same tryggleik sjølv om ein bur i distriktet. Den anbefalte responstida utanfor tettbygde strøk er i dag 25 min, men historiane der denne tida er både to-og tredobla er mange. Dessutan er legevakt tilbodet er ulikt tilgjengeleg då avstandande har blitt større og legekontora færre etter reform. Det kan skje noko uansett kor ein bur, også på bygda.

Slik det er i dag er det ofte brannvesen som er fyrst ute til ein ulykkesstad. Brannvesen er ofte driven på frivillig basis, og det er eit stort ansvar å leggja på dei frivillige dersom dei kjem fyrst til ei ulykke der det står om liv og død. Tilbod på tenester frå Politi er og ulikt tilgjengeleg i distrikta då desse avstandande og har blitt større etter reforma.

I distrikta er det og mange risikofylte arbeidsplassar. Det er sjølv sagt at risikoen for ei ulykke er betydeleg mykje høgare for bønder, fiskeoppdrettarar eller skogbrukarar enn den er for dei som arbeider på kontor i meir sentrale strøk. Miljø og klimaendring gjer og at det vil bli meir ekstremvær som kan gjera det vanskeleg å koma fram. Då er det avgjerande å ha livreddande hjelp nært. Distrikta våre vert ikkje attraktive dersom ein ikkje har grunnleggjande føresetnad for å kjenna seg trygg.

Me ungdommar synest det er rart at det ikkje er same lovkrav til responstid for Ambulanse som for Brann, og me meiner at det skal vera like sikkert å bu i distrikta som i byane. I dag vert anbefalt responstid ofte overskride med mange undre prosent, det er ikkje akseptabelt.


Hjarteleg helsing  
Tiril Eiken  
Leiar Hardanger Ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo  
Sekretær Hardanger Ungdomsråd / konsulent  
Hardangerrådet

Hardangerrådet signerar digitalt



5. Melding HR

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
01 JUN 2018		
Søksnr.	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Dato: 22.05.2018  
Vår ref.: 2014/17126-106  
Saksbehandlar: kriiver  
Dykkar ref.:

Til: Samarbeidspartnarar

## Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Fylkestinget i Hordaland vedtok «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» 4. oktober 2017. Det overordna målet med planen er betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Planen har vidare tre hovudmål knytt til følgjande område:

- Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
- Arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov:
  - Arbeidslivet sitt behov for fagarbeidarar skal vere styrande for dimensjoneringa av fag- og yrkesopplæringa
  - Arbeidslivet sitt behov for spesialiserte fagutdanningar skal vere avgjerande for dimensjoneringa av utdanningstilboda på fagskulenivå
  - Arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft skal tilleggjast vekt ved dimensjonering av utdanningar på universitets- og høgskulenivå som det er mangel på i den regionale arbeidsmarknaden
  - Betre samordning på tvers av utdanningsnivåa for å sikre meir gjennomgåande og heilskaplege utdanningsløp
- Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.


Hordaland fylkeskommune er i gang med å etablere samarbeid på kompetansefeltet med relevante aktørar i fylket. I samarbeidsmodellen er det lagt vekt på utvalde bransjar og samarbeid med sentrale aktørar i regionane i fylket

Kathrin Jakobsen  
Seksjonsleiar Forsking, internasjonalisering og analyse

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# Hardangerrådet iks



Hordaland fylkeskommune  
Bergen kommune  
Lyntogforum

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
04 JUN 2018		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.of.f.S

## Uttale frå Hardangerrådet vedr. deltaking i Lyntogforum

Hardangerrådet viser til at både Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune har gått inn i Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli.

Hardangerrådet oppmodar Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune til å engasjera seg i dette viktige arbeidet.

Kinsarvik 04.06.2018

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt



# Hardangerrådet iks

Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
6 JUN 2018		
Saksnr:	Dok.nr:	Løpenr:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S



Hardanger

Bergen kommune v/ Byrådsleder Harald Schjelderup [byradsleder@bergen.kommune.no](mailto:byradsleder@bergen.kommune.no)  
 Bergens Tidende [debatt@bt.no](mailto:debatt@bt.no)

## **Studentar som melder flytting. Vinn-vinn-situasjon for kven? Kommentar frå Hardangerrådet til forslag om gratis Skysskort for studentar som melder flytting til Bergen.**

Bergens Tidende hadde 29. mai ein artikkel vedr. eit forslag frå bystyreprerentanten Anine Frølich (H) om å gje studentar gratis Skysskort om dei melder flytting til Bergen. Sjølv om forslaget er eit tilbod ein føreslår ikkje skal gjelda studentar frå andre kommunar i Hordaland er Hardangerrådet, som omfattar 7 kommunar i Hardanger svært forundra over forslaget. Alt i 2020 skal Hordaland og Sogn og Fjordane slåast saman og då kan det fort verta ulike reglar for studentar frå same fylke.

Dei aller fleste studentar har så langt ikkje meldt flytting til studiestaden, men vore registrert som innbyggjar på heimadressen sin. Studentar vil som regel gjennom studietida nytta offentlege tenester som lege, tannelege eller andre offentlege tenester i heimkommunen. Slik sett er det naturleg at studentane er registrert med heimeadresse der dei nyttar desse tenestene og at innbyggjartilskotet går dit.

Dette forslaget vil innebera ein reduksjon i innbyggjartilskot for distriktskommunar utan høgskular eller universitet medan store byar som har slike institusjonar «overtek» dette tilskotet. Det er på ingen måte å visa raus haldning overfor små distriktskommunar.

Hardanger er hytteområde for svært mange med bustad i Bergen kommune. Når bergensarane er på hytta har dei krav på helsetenester som t.d. lege eller heimesjukepleie utan at dei er registrerte som innbyggjarar. Det er ofte tenester som er langt meir ressurskrevande for den lokale kommunen enn det at ein student bur i Bergen utan å ha fast bustadadresse her.

Det verkar også unaturleg å utelukka studentar som er folkeregistrert i kommunar i Hordaland frå ei slik ordning. Berre det er grunn nok til å leggja forslaget bort. Det at dette forslaget ikkje handsamar alle likt er også kommentert på leiarplass i BT 30.05. 2018.

Kinsarvik 01.06.2018

Hans Petter Thorbjørnsen  
 Rådsordførar i Hardangerrådet.



# Ingen pasienter skal dopes ned

Det er nødvendig å se nærmere på bruk av antipsykotiske midler til urolige pasienter på sykehjemmene.

**KARL HENRIK NICOLAJSEN**  
Etatsdirektør, Etat for sykehjem

**KJELL KRÜGER**  
Enhetsleder, Avdeling for sykehjemsmedisin

**TROND EGIL HANSEN**  
Medisinsk fagsjef, Byrådsavdeling for helse og omsorg


**DEN SISTE TIDEN** har det vært flere medieoppslag om bruken av antipsykotiske legemidler på sykehjem. Oppslagene begynte med en sykepleier som er siktet for å ha dopet ned pasienter på sykehjem ved å gi dem medisiner de ikke trengte. I etterkant har enkelte medier også forsøkt å tegne et bilde av at legene på sykehjem «doper ned» pasientene. Dette er et svært misvisende bilde. Bak hver beslutning om bruk av slike legemidler ligger sykehjemslagens vurdering at det er til beste for pasientene. Hensikten er å hjelpe en lidende pasient, ikke å «dope ned».

Nylig hadde vi en pasient med Parkinson som fikk hallusinasjoner og ble svært engstelig. Han fikk utskrevet en moderat dose kvetiapin. Symptomene forsvant, og han ga uttrykk for at han hadde det bedre.

**GOD MEDISINSK OPPFØLGING** av sykehjemspasienter er noe vi har jobbet målrettet med. Samtidig har vi fortsatt utfordringer. Vi har derfor opprettet en egen avdeling for sykehjemsmedisin som har utarbeidet en metodebok som setter standard for hvordan legemiddelbruken bør være ved sykehjem. Alle alders- og sykehjem i Bergen har leger tilknyttet institusjonen. Sykehjemslegens oppgave er å gi en systematisk oppfølging av den medisinske behandlingen og skrive ut hvilke medisiner pasientene skal ha. Våre sykehjemsleger har en gjennomgang av medisinen til alle langtidsbeboere minimum to ganger i året. Gjennomgangen skal blant annet fange opp om pasientene står på medisiner som kan kuttes ut.

**SYKEPLEIERNE HAR ANSVAR** for å hente ut medisinen i riktig dose. Sykehjemmene i Bergen vektlegger at ansatte som deler ut medisinen skal ha fått opplæring i legemiddelhåndtering. For å sikre riktig medisinerer har vi dobbeltkontroll ved bruk av vanedannende medisiner (A- og B-preparater), og vi har jevnlig kontrolltelling av restbeholdningen. I år har kommunen også ansatt en egen farmasøyt som skal bistå sykehjemmene med å bygge gode systemer for legemiddelhåndtering.

**NÅR VI OPPLIVER** urolige pasienter på sykehjemmene våre, må vi også vurdere om det finnes andre tiltak enn legemidler som kan hjelpe. Byrådet har satset på



## Historier fra sykehjemmet

Mange eldre ender livet sitt på institusjon. BT vil i en serie med tekster belyse livet på sykehjem på godt og vondt.

Les flere tekster fra sykehjemmet på bt.no



å øke aktivitetstilbudet på sykehjemmene. De har også prioritert å få inn psykologer på sykehjemmene. Det er nødvendig å se nærmere på praksisen vi har med bruk av antipsykotiske midler. Forskning viser at effekten av antipsykotiske midler hos pasienter med demens er dårlig dokumentert, og vi vet at eldre har økt sårbarhet for bivirkninger. Vi må hele tiden vurdere om legemidlene brukes på pasienter der nytten av medisinen ikke står i forhold til bivirkningene pasienten får.

Samtidig må vi huske at det dreier seg om legemidler som riktig brukt er trygge og effektive. Pasienter og pårørende må gjerne stille spørsmål til legen om det er nødvendig å fortsette med legemidlene, eller om de kan trappes ned. Men det er viktig at ingen stopper på egen hånd fordi mediene omtaler dem som sterke og farlige legemidler.

**NÅR PERSONALET** på sykehjemmet ser tydelige tegn på at pasienter med demens er urolige, mulig psykotiske, vil det i mange tilfeller være riktig å behandle. Mange sykehjemspasienter har alvorlige psykiske lidelser. Noen har levd med psykisk lidelse mesteparten av livet. Deres psykiske lidelse opphører ikke ved at de kommer på sykehjem, og vil som oftest kreve fortsatt medikamentell behandling.

**EN ANNEN GRUPPE** er pasienter med demens, hvor psykiske tilleggsdiagnoser er relativt vanlig. Demens er mer enn hukommelsessvikt og sviktende orienteringsevne. Atferdsforstyrrelser, psykiske symptomer, depresjon og angst er vanlig. Det er en krevende medisinsk vurdering å avgjøre om psykiske tilleggsdiagnoser hos demente skal behandles medikamentelt.

Nylig hadde vi for eksempel en dement kvinne som fikk 25 milligram kvetiapin om kvelden. Medisinen ble fjernet da indikasjonene var vage. Deretter fulgte store søvnproblemer med oppvåkning og angst hver time etter dette. Skal vi da bruke denne medisinen eller ikke?

Nevroleptika er en fellesbetegnelse for legemidler med effekt på psykotiske symptomer. I medieomtalen har det fremkommet at 27 prosent av pasientene på sykehjem i Bergen får nevroleptika. Dette tallet kan høres høyt ut, men en betydelig andel skyldes bruk av legemiddelet Haldol mot kvalme i lindrende behandling. De fleste som bruker nevroleptika på sykehjem, får dette i små mengder.

Det er også stor forskjell på hvilken type nevroleptika som brukes. De nyeste typene er betydelig bedre, og i Bergen har det skjedd et markant skifte der det overveidende er moderne nevroleptika som

brukes. Dette er en positiv trend som også har bidratt til en markant nedgang i bruk av sovemedisin og beroligende medisiner.

Vi jobber profesjonelt og kunnskapsbasert med legemidler på sykehjem i Bergen. Målet for kvalitetsarbeid knyttet til bruk av nevroleptika på sykehjem, er ikke minst mulig bruk av disse legemidlene, men riktigst mulig bruk.

## Studentar som melder flytting - for kven er det vinn-vinn?



### GRATIS SKYSSKORT

**HANS PETER THORBjørnsen**  
Rådsordfører i Hardangerrådet

**BERGENS TIDENDE HADDE** 29. mai ein artikkel om eit forslag frå bystyrrerepresentanten Anine Frølich (H) om å gje studentar gratis Skysskort om dei melder flytting til Bergen.

Sjolv om forslaget er eit tilbod til studentar frå andre kommunar i Hordaland, er Hardangerrådet, som omfattar 7 kommunar i Hardanger svært forundra over forslaget. Alt i 2020 skal Hordaland og Sogn og Fjordane slåast saman, og då kan det fort verta ulike reglar for studentar frå same fylke.

**DEI ALLER FLESTE STUDENTAR** har så langt ikkje meldt flytting til studiestaden, men vore registrert som innbyggjar på heimplassen sin. Studentar vil som regel gjennom studietida nytta offentlege tenester som lege, tannlege eller andre offentlege tenester i heimkommunen. Slik sett er det naturleg at studentane er registrert med heimeadresse der dei nyttar desse tenestene, og at innbyggjartilskotet går dit.

Forslaget frå Anine Frølich vil innebære ein reduksjon i innbyggjartilskot for distriktkommunar utan høgskular eller universitet, medan store byar som har slike institusjonar «tek over» dette tilskotet. Det er på ingen måte å visa raus haldning overfor små distriktkommunar.

Hardanger er hytteområde for svært mange med bustad i Bergen kommune. Når bergensarane er på hytta, har dei krav på helsetenester som t.d. lege eller heimesykepleie utan at dei er registrerte som innbyggjarar. Det er ofte tenester som er langt meir ressurskrevande for den lokale kommunen enn ein student som bur i Bergen utan å ha fast bustad-adresse her.

Det verkar også unaturleg å utelukka studentar som er folkeregistrert i kommunar i Hordaland frå ei slik ordning. Berre det er grunn nok til å leggja forslaget bort. At forslaget ikkje handsamar alle likt, er også kommentert på leiarplass i BT 30. mai.



Møtedato 14.06.2018

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 25/18 Regional Næringsstrategi for Hardanger  
Kjøp av rettar til å nytta planen**

**Saksvedlegg:** 1. Regional Næringsstrategi for Hardanger  
2. Brev frå Hardanger Næringsråd

Saka var til handsaming i Hardangerrådsmøte 26.04.2018:

**HR-sak 19/18 Regional Næringsstrategi for Hardanger  
Kjøp av rettar til å nytta planen**

*Her vart det gjort slikt vedtak:*

*Saka vert utsett til neste møte i Hardangerrådet 14. juni 2018.*

*Leiar i Næringshagen i Odda og leiar i Team Hardanger vert bedne om å orientera rådet om saka og korleis ein ser for seg at rapporten skal brukast framover.*

Saka vert difor lagt fram med same saksutgreiing som sist.

**Saksutgreiing:**

Hardanger Næringsråd leverte i 2015 rapporten «Regional Næringsstrategi for Hardanger». Rapporten var finansiert gjennom støtte frå Hordaland fylkeskommune, kr 160.000 og Hardangerrådet v/Regionalt Næringsfond, kr 100.000 tilsaman kr 260.000.

Arbeidet med utarbeiding av denne rapporten vart gjennomført av Næringshagen i Odda på oppdrag frå Hardanger Næringsråd.

Diverre gjekk dette arbeidet med kr 128.385 i underskot. Forklaringa på dette kan oppsummerast med:

- Det var stor entusiasme regionalt for å få utarbeidd denne rapporten og aktivitetsnivået var svært høgt i prosessen.
- Undervegs i arbeidet signaliserte Hordaland fylkeskommune at det i løpet av våren 2014 skulle koma eit utfordringsnotat frå «Ideas2Evidence» som skulle gje prosjektet bakgrunnsmateriale for rapporten. Dette notatet vart forseinka og førte til at arbeidet med rapporten vart meir omfattande enn føresett.

Hardanger Næringsråd fekk først positive signal frå Hordaland fylkeskommune om at ein der var positiv til å dekkja dette underskotet, men seinare vart dette endra til det motsette. Dermed står dette underskotet som eit uoppgjort mellomverande mellom Hardanger Næringsråd og Næringshagen i Odda.

Hausten 2017 vart det teke initiativ frå Hardangerrådet overfor Hardanger Næringsråd med tilbod om at Team Hardanger kunne vera den møteplassen næringsorganisasjonane i Hardanger planla at Hardanger Næringsråd skulle vera, men som aldri vart slik i praksis.

Samtalane førte til at styret i Hardanger Næringsråd valde å leggja ned organisasjonen i årsmøtet 12.12.2017.



Team Hardanger har hatt sitt første møte saman med næringsorganisasjonane i Hardanger og samarbeidet vil verta følgt opp med nye møter og prosjekt som ein vert samde om.

**Saksvurdering:**

«Regional Næringsstrategi for Hardanger» er ein plan som vil vera ein god reiskap i det vidare næringsutviklingsarbeidet i Hardanger. Planen er det nedlagte Hardanger Næringsråd (HN) sin eigedom. Om planen skal nyttast av Team Hardanger i samarbeid med næringsorganisasjonane i Hardanger må ein ta stilling til eigarskapen til rapporten og evt. kjøpa denne frå (HN)

I brevet frå HN (vedlegg 2) vert slik formulering knytta til overtaking av eigarskapet til rapporten:

1. Hardangerrådet inngår avtale med NiO med økonomisk kompensasjon og viderefører prosjekt «*Regional Næringsstrategi*» for kr 125.000.- eller avtale.

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet v/Team Hardanger løyver kr 50.000 som økonomisk kompensasjon for overtaking av eigarskap til rapporten «Regional Næringsstrategi for Hardanger»

Løyvinga vert dekkja gjennom restmidlar Regionalt Næringsfond.

# Regional Næringsstrategi for Hardanger

Vedteken i styret for Hardanger Næringsråd 13.01.15

Sluttstilt 18.02.15 etter faktasjekk i kommunane

# Innleiing



Du sit no med Hardanger Næringsråd sine innspel til ei positiv og samla, vidare utvikling av næringslivet i Hardanger i hendene – *Regional Næringsstrategi for Hardanger*.

Signala undervegs i dette arbeidet har vore tydelege på at *Regional Næringsstrategi for Hardanger* skal vere eit kortfatta og konkret dokument, det skal vere handlingsretta og ha eit tematisk fokus – sidan næringa ikkje ser kommunegrensar.

**Føremålet** med *Regional Næringsstrategi for Hardanger* er å bidra til ein god og dekkjande prosess i forkant av *Regional Utviklingsplan for Indre Hordaland*, og sikre at næringa og kommunane vert høyrde. Ein felles, tydeleg næringsstrategi kan vidare skape eit større regionalt engasjement og styrkje utviklingspotensialet innan dei ulike næringane. Næringsstrategien vil setje fokus på utfordringar i regionen, og leggje grunnlaget for eit enda sterkare næringsliv i framtida. Ein ynskjer òg å sjå ei utjamning av ressurstilførsla til indre strom i forhold til kystområde i Hordaland.

**Næringsstrategien sitt geografiske verkeområde** er dei sju Hardangerkommunane. *Regional Næringsstrategi for Hardanger* gjeld for perioden **2015 – 2022, i 8 år**. Revidering skjer etter 5 år.

Hardanger Næringsråd har motteke kr. 100 000 i støtte frå Regionalt Næringsfond Hardanger og kr. 160 000 frå Hordaland fylkeskommune (HNN-programmet) til strategiarbeidet, og takkar for stønaden.

Vi vonar at *Regional Næringsstrategi for Hardanger* skal verte eit nyttig verktøy for utviklinga i Hardanger, både for verksemdene, for kommunane og nytt og eksisterande næringsliv. Vi har stilt spørsmåla: «Korleis kan vi gjere oss attraktive for nye verksemdar? Kva for utviklingspotensial og mogelegheiter ser næringa sjølv? Kva vil vi? Kva kan vi få til saman?»

Hardanger ligg på 55. plass i Nærings-NM. Om vi står saman i regionen vår og er tydelege på kva vi ynskjer å få til, internt og ute, har vi tru på at framtida vert fruktbar for næringslivet i Hardanger.

Odda, 15. desember 2014

Torleiv Ljones  
Styreleiar, Hardanger Næringsråd

Liv Eirill Evensen  
Prosjektleder, Næringshagen i Odda

# Bakgrunn

**Initiativet til ein Regional Næringsstrategi for Hardanger kom frå Hardanger Næringsråd i 2012.** Ein såg behovet for «ein regional næringsplan», som det då vart kalla, for å samle næringa og sjå på kva en kunne få til saman.

I juni 2013 kom det fyrste vedtaket som gjaldt næringsstrategien i Hardangerrådet : «*Hardanger Næringsråd skal leggje fram eit framlegg til plan.*»

Eit nytt vedtak kom i mars 2014 knytt til prosjektskisse, innhald og finansiering.

Under drøfting med Hordaland fylkeskommune i januar 2014 kom partane fram til at dokumentet skal heite «Regional Næringsstrategi for Hardanger».

Næringsstrategien vil gje innspel vidare til Utviklingsplan for Indre Hordaland saman med Regional Bustadstrategi og andre sentrale dokument.

**Det vart oppretta ei styringsgruppe med representantar frå Hardanger næringsråd, næringa, Hordaland fylkeskommune og Hardangerrådet:**

- \* Heidi Bjønnes Larsen, repr. Hordaland fylkeskommune, Næringsavdelinga
- \* Torleiv Ljones, repr. Hardanger Næringsråd
- \* Ranveig Capjon, repr. Hardanger Næringsråd
- \* Jon Olav Heggseth, repr. næringa
- \* Sjur Ove Svartveit, repr. næringa
- \* Leiv Vambheim, Hardangerrådet, repr. kommunane.

Prosjektleiing har vore leigd inn frå Næringshagen i Odda.



Hardanger er ein region med eit breitt og variert næringsliv. «Hardanger har mellom anna framtidsorientert industri, pulserande kulturliv, spennande reiseliv, spisskompetanse i fruktnæring.» (Regionalt Næringsfond Hardanger.)

#### **Hordaland fylkeskommune, innsatsområde næring 2014:**

- Energi
- Maritime næringar
- Marin sektor
- Reiseliv
- Landbruk
- Medie- og kulturbasert næringsliv

#### **Tematisk oppdeling, Hardanger Næringsråd, Regional Næringsstrategi:**

- Industri
- Energi
- Reiseliv og kultur
- Handel, kontor og servicenæring
- Marin og maritim næring
- Landbruk og skogbruk
- Entreprenørar, bygg og anlegg

Regjeringa sine fem satsings-  
næringar:

1. Energinæringa
2. Miljøteknologi
3. Maritime næringar
4. Marine næringar
5. Reiseliv – regjeringa sin strategi  
– Destinasjon Noreg



### **Gjennom 2014 har vi arbeidd intensivt med å hente inn innspel til næringsstrategien.**

- Vi har gjennomført møte med kvar kommune med gjennomgang av planstatus, status for næringsareal, særskilte styrkar og utfordringar i den einskilde kommune – med meir.
- Vi har også teke kontakt med sentrale nabokommunar, Etne, Kvinnherad og Voss, for å sjå korleis naboane våre ser på oss, og om dei har innspel og forslag til samarbeid.
- Vi har invitert næringa til temasamlingar med tematisk gjennomgang av dei ulike næringane, henta inn innspel og lagt til rette for drøfting av sentrale problemstillingar: utfordringar, mogelegheiter og ressursar i regionen.

### **Hovudmål ved Regional Næringsstrategi for Hardanger:**

- Ei positiv folketalsutvikling i Hardanger.
- Eit sterkt og konkurransedyktig næringsliv som gjev synergjar og hentar ut det fulle potensialet sitt.
- Regional Næringsstrategi for Hardanger vil bidra til å motverke den asymmetriske utviklinga vi kan sjå mellom kystkommunane og dei indre stroka i Hordaland.

### **Hovudstrategiar ved Regional Næringsstrategi for Hardanger:**

- Vidareutvikle styrkar i næringslivet.
- Ta tak i utfordringar det er mogeleg å gjere noko med.

# Industri – positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- Industriklyngeutvikling innan SUBSEA.
- Gode framtidsutsikter for smelteverksindustrien.
- God utnytting av vasskrafta i fleire ledd.
- Eksportverdien frå distrikta til byane er enorm og bør synleggjerast.
- Utanlandske eigarar investerer i Noreg når rammene er føreseielege. Utryggleiken må ikkje verte for stor.
  - Vår føremon ligg her:
    - Tilgang på kraft til føreseielege prisar.
    - Utdanningsløpet i Noreg.
    - Politisk stabilitet – Noreg vert oppfatta som stabilt.
- Stabil arbeidsstokk med høg kompetanse.
- Lågpressområde – dette er ein fordel for konkurransedyktig industri. Rimelege hus, kort veg til jobb.
- «Sentral» plassering aust – vest.
- Kort pendlaravstand, bedrifter hentar inn tilsette frå ei rekkje kommunar.

# Industri – utfordringar og ynske

- Rekrutteringsbehov og -utfordringar.
  - Fokus på jobb nummer to (for partnar til industriarbeidaren) innan skule, sjukehus, Nav, privat næringsliv med vidare.
  - Familien til den tilsette skal også trivast i miljøet, og borna på den lokale skulen.
  - Behalde attraktive tilsette, lekkasje t.d. til oljeindustrien.
- Kapitaltilgang for bedrifter i vekst.
- Infrastruktur og samferdsle. Lite effektive vegar, farleg/utrygg ferdsel, lite positivt å sjå av utvikling/planar.
  - Traséval og utbetringar.
- Klimautfordringane. Kva skal til for å møte desse?
  - Omlegging av produksjonen for å redusere CO<sup>2</sup>-utslipp er ekstremt kostbart.
  - Behov for forskning og gjennomføring.
  - Ynske om statleg hjelp økonomisk for å nå klimamåla.
  - Ein er avhengig av ressursar frå ENOVA og Innovasjon Noreg – støtte til utvikling.
- Sentrumsutvikling.
- Hardanger vert attraktivt ved tilgang på kompetansearbeidsplassar.
- Ynske om betre marknadsføring og ei samla synleggjering av regionen.
- Det er behov for ein meir resultatorientert diskusjon i det offentlege rom. Mindre symbolpolitikk.
- Det er behov for større forståing for industrien sine produkt. Desse kan ikkje erstattast.
- For å halde på produksjonen i Noreg må vi verte meir og meir dyktige – ta dei vanskelege oppgåvene sjølv.
- Om industrien ikkje får tilgang til gode rammeavtalar for straum, går ikkje kabalen opp.
- Ein sterk og målretta skule er ein føresetnad for at Hardanger skal lukkast. Yrkesopplæring tilpassa behov i næringslivet er viktig.
- Fokus på målbare resultat i utviklingsarbeid.
- Industri er ein av grunnpilarane i Hardanger. Industriarbeidsplassar er m.a. med på å oppretthalde landbruket. Hardanger må tørre å seie at vi også «er» industri. Vi må vise kva vi vil få til.
- For å arbeide for rammevilkåra for industrien bør det knytast band mellom dei fire smelteverka i området.
- Industriklyngjeutvikling.
- Fleire TAF-linjer på vidaregåande skule (Teknisk Allmennfagleg linje).

# Energi - positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- Vasskraft står tilnærma åleine i energinæringa i Hardanger. Det er store utbyggingsmogelegheiter mange stader.
- Småkraftdrift kan bidra til å oppretthalde busetnad og tradisjonelt landbruk.
- Kraftprosjekt gjev verdiskaping for kommunar og regionalt næringsliv.
- Vasskraft er grøn, fornybar energi. Dette er det lett å gløyme i utbyggingsdebatten.
- I Hardanger finst politikarar, kommunetilsette og grunneigarar som vil og viser at dei vil – dette er ein klar føresetnad for å få til utbygging.
- Utbyggingsprosjekt er med på å understø EU/EØS-pålegg om at medlemslanda skal auke andelen sin av fornybar energiproduksjon.
- Dei lokale selskapa som kommunane eig er viktige kompetansearbeidsplassar, og gjennom overskot gjev dei gode tilskot til offentleg velferd.

# Energi - utfordringar og ynske

- Utbyggingssøknader må finregnast – går prosjektet verkeleg i pluss? Utryggleik hydrologi / investeringar.
- Når investere, og kor mykje? Utryggleik knytt til konsesjonssøknader og handsamingstid.
- Konsesjonshandsaming tek lang tid. Om det tek 4-5 år å få svar, vert dette ein for krevjande prosess for mange utbyggerar.
- Dei «trygge» søknadene går fortare gjennom, medan dei som er knytt opp mot verna vassdrag eller sideelvar til desse pluss randsoner vert nedprioriterte.
- Grøne sertifikat, ei støtteordning for utbygging av fornybar energi: fører til prioritering av enkle prosjekt som raskt kan realiserast? Men er det dei rette prosjekta som vert prioriterte?
- Tala syner at NVE har vorte strengare i konsesjonshandsaminga – etter forholda ser vi fleire avslag enn tidlegare.
- Det er problematisk at ein klage på ein løyvd konsesjon får full handsaming i systemet inkludert høyring – sjølv om det ikkje kjem fram nye moment i klagen.
- Nettkapasitet mot overliggjande nett. Det er viktig å investere i nytt nett, slik at prosjekt kan verte realiserte til gode for lokale aktørar. Småkraft ut på nett.
- Jo større aktør ein står ovanfor, desto vanskelegere å få tilknytning til nett.
- Det er i dag store verneområde i regionen. Dei områda som ikkje er omfatta av vern bør kunne vurderast for utbygging.
- Eigarar treng handlingsrom og større leveringstryggleik over tid.
- Framtidige endringar i energiforsyninga i Noreg vil kunne føre med seg kostnadseffektivisering og færre tilsette. Det vil kome krav om betre leveringskvalitet til lågare pris.
- Undersøkje moglegheitene for pumpekraftverk.
- Framtida er energifleksibel med kommunikasjon mellom kunde og kraftleverandør. Omstilling må til om en ikkje skal verte akterutseilt på løysingar.
- Innføring av AMS, Avansert Måle- og Styringssystem hos kundane er på gang. Her vil det kome ein kostnad for kvar husstand.
- Ny vurdering av verna vassdrag og randsoner av verneområde. Kan utbyggingar gjerast utan å skada verneinteresser?
- Behalde og foredle straumen i Hardanger som ein regional ressurs.



# Reiseliv- og kulturnæringar - positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- Kunstnarbustader i Hardanger er eit pre.
- Hardanger – Berlin-satsinga er positiv for kunstnarar i Hardanger.
- Vi har eit stort og rikt festivalliv med nasjonale kvalitetar og ambisjonar.
- Vi er profesjonelle på kurs- og konferansefronten (hotellfasilitetar og kjøken).
- Hardanger er inspirerende som motiv, både før og no.
- Mange kjente kunstnarar frå Hardanger, desse er gode ambassadørar.
- Mange gode, kommunale kulturskular.
- Mange film- og TV-innspelningar i Hardanger skapar blest.
  - Film Location Hardanger
- Merkevaren «Hardanger» er sterk og samlande. Naturen og kulturlandskapet er det turistane helst vil sjå. Namnet Hardanger er eit kvalitetsstempel for tilbod innan kultur og reiseliv.
- Vi har 1200 reiselivsårsverk i Hardanger. Næringa genererer over ein milliard kroner kvart år.
- Vi har eit sterkt organisasjonsliv. Dugnadsanden lever framleis!
- Industrihistoria i Hardanger. Industribyane gjev ein ekstra dimensjon til Hardanger som reiselivsprodukt. Hardanger er knytt opp mot det internasjonale reiselivsnettverket ERIH (European Routes of Industrial Heritage) gjennom Tyssedal.
- Vi har eit nettverk av reiselivsoperatørar knytt til fjell og nasjonalpark.

# Reiseliv- og kulturnæringar - utfordringar og ynske

- Turistkontora må få ei avklaring – korleis skal arbeidet organiserast? Interkommunalt selskap? Turistkontora vert «ein kasteball».
- Klare rammevilkår for drift og utvikling er naudsynt, samt marknadsføring.
- Hardangerfjorden kan vere det naturlege samarbeidsområdet innan reiseliv.
- Tilskot frå fylkeskommunen til viktige kulturinstitusjonar kan ikkje vere avgrensa til tre år, her må det til eit føreseieleg, langsiktig utviklingsarbeid.
- Interkommunal kulturskule – med ulike avdelingar?
- Betre organisering av det samla festivallivet vil gi meir pengar ut.
- Vi ser eit stort tap av gjestedøger, reisande frå Tyskland og Nederland.
- Enorme svingingar i dekningsgrad på hotella gjennom året, frå 5 000 overnattingsdøger i januar til 50 000 i høysesongen. Det er ei stor utfordring å oppretthalde hotella. Kurs- og konferanseverksemda og graden av yrkestrafikk spelar også inn.
- Festivallivet og kulturarrangørar bør tidleg informere reiselivsnettverk og -operatørar om dato og hovudinnhald for festivalar.
- Kunnskapsnivået om ulike besøksstader i Hardanger er generelt låg, her kan styrka marknadsføring gje store utslag.
- Handelsnæringa bør ha fokus på service og opningstider for å møte turistane sine behov.
- Det er viktig å få gjennomslag i støtteapparatet for at kultur er næring.
- Kulturentreprenørar treng rettleiing og nettverk, lik andre entreprenørar.
- Vi må sjå på samanhengen mellom reiseliv, kultur og anna næring, synergjar og symbiose.
- Vi må synleggjere verdien av eit aktivt landbruk som tek vare på kulturlandskapet med reiseliv (t.d. hytteutleige) og opplevingar som attåttnæring.
- Behov for sentrumsnære oppstillingsplassar for bubilar.
- Utvikla eit opplevingsbasert tilbod innan reiselivet. Folgefonna gjev eit godt grunnlag for dette.
- Nasjonalpark-omgrepet er eit kjent merkevareprodukt som kan nyttast betre.

# Handel, kontor og service - positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- I Hardanger finn vi verksemder innan handel med ein lang historikk og god vekstevne.
- Ledige kontorbygg finst i alle kommunar.
- Regionssentra er godt utstyrte med serviceverksemder, noko som gjev god grobotn for vekst.
- Store hyttefelt ligg i Hardanger – mange kundar og kjøpegrupper.
- Fritidssegmentet er stort.



# Handel, kontor og service – utfordringar og ynske

- Eit levedyktig lokalsamfunn er avhengig av eit minimum av offentlege og private servicefunksjonar.
- Ynske om fleire statlege (kontor-)arbeidsplassar i regionen.
- Logistikk og transport er utfordrande – lite effektive vegar.
- Handelslekkasje til større byar og senter, handelslekkasje til butikkar på internett – tilbudet må verte betre i tettstadene.
- Næringa manglar eit felles marknadsføringsorgan. Fleire bør bruke internett til marknadsføring, nettverk og kundekontakt.
- Heilskapleg miljøprofil trengst i regionen.
- Vi må utvikle næringshagar og kontorfellesskap som stimulerer nyetablering.
- Høghastigheits breiband er ein føresetnad for mange bedrifter.
- Offentlege innkjøpsreglar kan vere ei hindring.



# Marin og maritim næring - positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- Vi har sett ei stor utvikling og massiv forskning på miljø og berekraft innanfor marin næring dei siste 20 åra.
  - Utvikla merdar som er rømmingssikre og som lettar handsaming mot lakselus.
  - Landbaserte opptaksanlegg
  - Termolizer – varmehandsaming
  - Leppefisk
  - Utsetjing av post-smolt (500 g - 1 kg) gjev kortare opphald i sjø og mindre fare for rømming.
- Mogelegheiter for å fokusere på miljøretta næringsverksemd – køyre «ei grøn line» i Hardanger.
- Hardanger har eit gunstig klima og gode djupleik-/straumtilhøve for vidare utvikling av marin næring.
- Eigenutvikla batteriferje – Fjellstrand. Mogelegheiter for vidareutvikling.
- Marin og maritim næring sysselset mange, og gjev stor verdiskaping i ytre delar av Hardanger.
- Samarbeid eksisterer mellom marin og maritim næring. (Båtar, tenester, utstyr m.m. vert leverte frå maritime til marine bedrifter.)
- Marknad utanfor regionen, langs heile kysten mot Nordland, for enkelte aktørar innanfor maritim næring.

# Marin og maritim næring – utfordringar og ynske

- Det er eit ynske at folk med idear kjem til bedrifta og drøftar desse ideane.
- Drifta i maritim næring er mykje basert på førespurnad og «kortsiktigheit» – korleis få tid og kapasitet til:
  - Effektiv marknadsføring og kontakt mot omverda,
  - Strategisk, langsiktig utviklingsarbeid,
  - Eigenutvikling av produkt?
- Internasjonaliseringa er ei utfordring.
- Det er dyrt å drive mekanisk industri i Noreg. Delar av produksjonen må ofte gjerast utanlands.
- Det er utfordrande å få tak i stabil og kvalifisert arbeidskraft. For mange bedrifter har konkurransen mot oljeretta næringar med høge lønningar vore vanskeleg.
- Ein ser mykje bruk av utanlandsk arbeidskraft i høgsesong.
- Låg oljepris er kritisk for underleverandørar.
- Konjunkturavhengig drift – og alle produsentane har det travelt samtidig.
- Marknaden i nærområdet er avgrensa.
- Godstransport er ei utfordring. Det er ikkje etablert fungerande godsruiter, og leveranse til rett tid er ikkje trygt nok.
- Vidare utvikling i marin næring må skje på ein berekraftig måte, men må utnytte den konkurransefordelen dei gode tilhøva Hardangerfjorden har for oppdrettsnæringa.
- Sonestruktur – Mattilsynet tildeler soner. Brakkleggingstid er viktig. Dette er det vanskeleg å handheve.
- Det er vanskelegare å tilpasse seg sonestrukturen for små aktørar, her må ein samarbeide med større aktørar.
- Vi må ikkje få eit offentleg regelverk som gjer det umogeleg å overleve som eit lokalt, mindre oppdrettsselskap.
- Tradisjonelt fiskeri – korleis ta omsyn til dette? Ulike interessentar nyttar fjorden, og dei er i konkurranse med kvarandre. Fiske (i vassdrag) er eit unikt reiselivsprodukt.
- Ynske om vidareforedling av fisk ved fiskeslakteriet i Strandebarm.



# Landbruk og skogbruk - positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- DyrkSmart har gjort eit stort kartleggings- og mobiliseringsarbeid for fruktdyrkarane i regionen.
  - Fruktklienten er utvikla, software som dei tre fruktlagera i Ullensvang er kopla på. Dette gjev oversikt og system.
  - Avtalar om jordleige er utvikla og tekne i bruk (fruktdyrking). Langtidsleige på 25 år. Malen ligg på nett.
- Innovasjon Noreg har bidrege sterkt innan fruktnæringa.
- Det er ingen kvoter på fruktdyrking.
- Marknaden for norsk frukt er bra. 6-pakningar med eple forsvinn raskt frå butikkhyllene.
- Ny salsrekord for frukt sommaren 2014, god kvalitet (godt ver). Når frukta er haldbar går svinnporsenten ned for butikkane óg.
- Hjeltnes Vidaregåande Skule er ein ressurs.
- Norsk Fruktrådgeving Hardanger er ein ressurs.
- Bioforsk er ein ressurs.
- Samdriftfjøs og god mjølkeproduksjon fleire stader.
- Sauehald utnyttar beiteressursane.
- Landbruk og dyrehald held kulturlandskapet ved like – viktig for reiselivet.
- Vestnorsk kulturgran held god kvalitet, god styrke, har lite kvist og fine lengdefibrar. Ein haustar i dag av plantasjeane frå 50-60-talet. Vi finn spesielt gode veksttilhøve i regionen vår (Ullensvang, Granvin og Ulvik er særskilt framheva).
- Nærleik til marknaden og til leverandørar i skogbruket er sær positivt.
- Berekraftig drift: tilveksten av skog ligg på 2,5 gonger uttaket.
- Skog er ein fornybar ressurs for bygging av framtida.
- Høg trelastkompetanse i regionen.
- Vi har skogeigarar i regionen som ynskjer å satse på å drive skogen.
- Juletreproduksjon er ei god attåtning i vekst.

# Landbruk og skogbruk - utfordringar og ynske

- Det er diverre ein generell mangel på kunnskap om fruktnæringa i skuleverket, hjå innbyggjarar og hjå politikarar.
- Gamle fruktplantasjar er ei utfordring.
- Høg snittalder i fruktnæringa, og det er tungt å rekruttere dei unge.
- Lita avling samanlikna med potensialet, fruktdyrking er ikkje underlagt restriksjonar.
- Ein må få opp produksjonen pr. dekar og spreie fruktdyrkinga meir utover Hardanger.
- Det er ei utfordring å få til tidlege og seine eplesortar, utvide sesongen/salet til å vare lenger enn i ca. 2 månader.
- Folk må få mogelegheita til å velje norsk frukt og norske bær.
- Oppretthalde saue- og mjølkebruka, halde kulturlandskapet vårt ved like.
- Uro knytt til mogeleg innlemming av Sørfjorden fjordlandskap på Verdsarvlista: «Den smale stripa vi har mellom kystsone og bratte fjell treng vi til å leve, bu og drive næring på.»
- Utfordring i skogbruket: nok fagleg arbeidskraft i framtida, med rett løn (lågtlønt arbeid i heile treindustrien).
- Logistikken for å få tømmeret frå stubben og til industrien er ei utfordring.
- Korleis få tak i nok tømmer? Mykje godt tømmer er utilgjengeleg grunna manglande skogsvegnett, for dårlege vegar og for små velteplassar.
- Internt vedlikehaldsbehov på sagbruk. Fleire tusen maskindelar skal gå kvar dag.
- Tørking av trevirke og endeleg fuktprosent er ein fininnstilt og sårbar prosess.
- Vanskeleg å få tak i dei rette klimarasane (f.eks. tysk gran) for klimaet vårt.
- Det offentlege støttesystemet på skogsida er for svakt.



# Entreprenører, bygg og anlegg – positive trekk, styrkar, ressursar og resultat i næringa

- Det finst mange små og store aktørar innan bygg, anlegg og entreprenørar i regionen samla.
- Fleire kommunar seier at entreprenørar og enkeltmannsføretak er satsingsområde i kommunen.
- Ein kan få gjort «alt» innan bygg og anlegg lokalt eller regionalt.
- Store konstruksjonsoppdrag har generert mykje kunnskap i verksemdene innan m.a. fagområda veg, bru og tunell.

# Entreprenører, bygg og anlegg - utfordringer og ynske

- Alle får mykje å gjere samtidig – konjunktursvingingar.
- Kommunale innkjøpsreglar og handteringa av desse er krevjande, spesielt for små verksemder. Reglane kan også seiast å vere sentraliserande.
- Sertifisering kan vere ei utfordring når bedrifter vil levere til kvarandre.
- Det kan vere vanskeleg å få fram «gründeranden». Er folk svoltne nok?
- Samarbeid mellom små entreprenører er nødvendig for å få store oppdrag.
- Vegring mot å ta oppdrag utanfor nærområdet.
- Små verksemder får ikkje store oppdrag. Her må dei små arbeide saman for å få dei store leveransane.

# Kva seier Hardangerkommunane?

- Kommunen skal leggje til rette – initiativet til utvikling må kome frå næringa sjølv.
- Hardanger er eit sterkt reiselivs- og opplevingsprodukt om tilbodet vert marknadsført samla.
- Tilboda i distrikta må oppretthaldast; NAV-kontor, tannhelsetenesta med vidare.
- Statlege arbeidsplassar til Hardanger.
- Vidareutvikling og styrking av eksisterande verksemder er kanskje det viktigaste vi kan gjere.
- Det må visast politisk vilje til næringsutvikling.
- Landbruk, reiseliv, entreprenørar og industri er dei områda som Hardangerkommunane legg størst vekt på i samtale.
- Det er utfordrande å ta imot cruiseturistane på ein god måte.
- Koplinga fjord – fjell er ikkje godt nok utnytta i reiselivet.
- Rammevilkåra for landbruket er krevjande – kan noko gjerast?
- Kommunale innkjøpsreglar er ei utfordring for småbedriftene, og ordninga kan óg seiast å vere sentraliserande.
- Handverksbedriftene er ofte litt for små til å drive økonomisk godt. Vilje til samanslåing?
- Alle kommunane har ikkje aktive næringsråd.
- Samferdsle er ekstremt viktig – betre og meir effektive vegar og betre samband aust – vest og til Bergen.
- Grensestroka mellom kommunane kan vere interessante område for utvikling og samarbeid.
- Fortetting/utvikling av sentera, ivaretaking av landbruksområde.
- Private reguleringsinitiativ er sjeldan vare.
- Ein manglar ofte private, store investorar og interesserte utviklingsaktørar. Etablerarlysta er ikkje sterk nok.
- Ein ser eit kvinneunderskot i gruppa 20-40 år.



# Kva seier nabokommunane til Hardanger, Etne, Voss og Kvinnherad?

**Etne:** Regional orientering på kunde-/leverandørsida er nok i større grad vendt vestover mot Stavanger/Haugesund/Stord/Bergen, men i nokon grad også mot Hardanger.

Klyngeutvikling i retning Hardanger uavhengig av fag er lite sannsynleg, men bransje-/fagspesifikke klynger er like aktuelt i retning Hardanger som andre.

Felles utfordringar med Hardanger innan samferdsle (prioriterte transportkorridorar).

**Voss:** Samarbeid med Hardanger om «Ski heile året» (felles skikort Voss, Røldal – Myrkdalen – Folgefonn). Det er også samarbeid Voss, Vik, Aurland – Hardangerrådet.

Voss kommune orienterer seg i stor grad mot Bergen når det gjeld næringsutvikling, men har i kommuneplanen eit mål om å styrke samarbeidet med nabokommunane generelt, m.a. innan reiseliv, samferdsle og utdanning. Hardangerkommunane er her nemnd spesielt. Samarbeid med Hardanger er aktuelt kring utvikling knytt til reiseliv, lokalmat, slowfood og liknande.

Voss, Vik, Aurland og Hardangerregionen har fjordane til felles og kan vidareutvikle dette som ein heilskap.

Utfordringar: Avfolking er ei stor utfordring sett under eitt, sjølv om Voss kommune isolert har ei positiv folketalsutvikling.

**Kvinnherad:** Når det gjeld samarbeid med Hardanger var Kvinnherad med i «Digitale Hardanger» – eit prosjekt som stoppa opp. Kommunen har elles samarbeid med Cruiseprosjektet og samarbeid rundt arbeidet med E134.

Etablering av samansette fagmiljø «på tvers» mellom eigen kommune og næringsmiljø i ein eller fleire av Hardangerkommunane er interessant så lenge nettverket er relevant og næringslivet ser det som nyttig.



# Aktivitetar – tiltaksdel

**Ansvarlege/samarbeidspartar** for gjennomføring av tiltaka står i parentes etter kvart tiltak.

**Forkortingar** som vert nytta:

HNR – Hardanger Næringsråd

HR – Hardangerrådet

K – Kommunane, einskildekommunar

SMB – SMB Hardanger

N – Næringa, næringslaga

J – Jondalstunellprosjektet

NHiO – Næringshagen i Odda

NHIH – Næringshagen i Hardanger (under etablering)

SHIH – Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger

RHF – Reismål Hardangerfjord

T/R – Turistkontora/Reiselivsorganisasjonane

PR – Private

HO – Handelsorganisasjonar

S – Skulen

**Finansiering** av tiltaka – her vert det lagt opp til spleiselag med søknader til støtteordningar og eigeninnsats i tråd med den ansvarlege instansen sine vurderingar og prioriteringar. Tiltak kan slåast saman i prosjekt der dette sjåast som nyttig for arbeidet.

# 1. Tiltak, industri

## 1.1 Utarbeiding av ein marknadsføringsstrategi. Synleggjeringsprosjekt. (HR, HNR, J)

- Få fram den store verdiskapinga og konkurransekrafta i industrien vår.
  - Få tilgang til ressursar ved å synleggjere produksjonen og verdiskapinga.
- Synleggjering av ledig næringsareal – arealguiden.no.
- Rekruttering, også gjennom regional traineeordning
- Vurdere oppretting av ein marknadsføringsorganisasjon som tek arbeidet vidare.

## 1.2 Kompetanse: Fleire TAF-linjer i vidaregåande skule (HR, K, S)

1.3 Ta grep for å knyte band mellom dei fire smelteverka i området – arbeide saman for styrka rammevilkår for industrien. (N, HNR, SMB)

1.4 Kartlegging: undersøkje potensial for nye arbeidsplassar innan miljøarbeid med nye klimadirektiv som vil kome. Knyte dette opp mot eksisterande industriklyngje. (SMB, HNR)

1.5 Undersøkje mogelegheitene for at eit helikoptertransportfirma kan tenkje seg å levere persontransport med fast rute. (HNR)

1.6 Tiltak for trivsel og integrering av tilsette/tilflyttarar med familie. (K)

1.7 Satsing for å bli gode på «nummer 2-arbeidsplassar». Kartlegging og innsal. (K, J, HR, HNR)

## 2. Tiltak, energi

2.1 Nye kraft-kompetansearbeidsplasser i Hardanger – mobilisere for statlege arbeidsplassar – NVE-avdelingskontor. (HNR, HR, K)

2.2 «Batteri» for Europa – konsekvensutgreie pumpekraftverk i Hardanger. (HNR, N)

2.3 Ny vurdering av tiltak i verna vassdrag som ikkje kjem i konflikt med føremålet for verninga. (HNR)



# 3. Tiltak, reiseliv og kultur

- 3.1 Avklaring av turistkontora si rolle og organisering. Sterkare fokus på ei regional organisering og regionalt arbeid på turistkontora. (T/R, K, RHF)
- 3.2 Marknadsføring av Hardangerfjorden samla som reiselivsområde. (HR, HNR, J, RHF)
- 3.3 Tiltak som nyttar og innarbeider Hardangerfjorden som naturleg samarbeidsområde innan reiseliv. (N, RHF)
- 3.4 Innsats for at tilskot frå fylkeskommunen til viktige kulturinstitusjonar vert føreseielege og varige (meir enn tre år). (K, HR)
- 3.5 Innsats for at støtteapparatet skal sjå kultur som næring – Handlingsprogram for Næringsutvikling i Hordaland. (HR)
- 3.6 Undersøkje mogelegheit og interesse for ein interkommunal kulturskule med ulike avdelingar. (J, HR)
- 3.7 Arbeid for å få spreidd arrangement og festivalar utover året og også nytte lågsesongen. (RHF, T/R)
- 3.8 Bevisstgjeringarbeid for at festivalar og arrangørar skal informere reiselivsnettverk og -operatørar om dato og hovudinnhald for festivalar tidleg. (RHF, T/R)
- 3.9 Styrka PR om ulike besøksstader i Hardanger ut nasjonalt/internasjonalt. (HR, RHF, T/R)
- 3.10 Vertskapskurs innan handels- og servicenæringa, fokus på service og opningstider. (K)
- 3.11 Meir aktiv og bevisst bruk av Film Location Hardanger. (HR, K, PR)
- 3.12 Sirkelbuss kring nordre delen av Folgefonnhalvøya i sommarsesongen, hente inn KID-midlar. (K, HR)



## 4. Tiltak, handel, kontor og service

- 4.1 Felles innsats for å behalde eit godt, offentleg tilbod i regionen vår. (K, HNR, HR)
- 4.2 Etterspørje kva fylkeskommunen kan gjere for fleire fylkeskommunale arbeidsplassar i regionen. (K, HNR, HR, J)
- 4.3 Felles innsal av ledige kontorbygg/kontorlokale i kommunane, trekkje til oss nye føretak som like godt kan liggje i distrikta. (K, HNR, J)
- 4.4 Styrkje handelsorganisasjonane, leggje til rette for prosjektutvikling og nettverk. (N, K, HO)
- 4.5 Fokus på betring av opningstider. (HO)
- 4.6 Styrkje næringshagane og bruke desse til å arrangere kurs og konferansar. (HNR)
- 4.7 Miljøsertifisering. (N)
- 4.8 Felles innsats for å få fleire statlege arbeidsplassar til regionen.
  - 4.8.1 NVE-avdeling i Hardanger (HNR, HR, K)
  - 4.8.2 Ny, statleg innkrevjingsentral for bompengar i Hardanger (HNR, HR, K)
  - 4.8.3 Fengsel (HNR, HR, K)
  - 4.8.4 Minipol i Ulvik (HNR, HR, K)

# 5. Tiltak, marin og maritim næring

- 5.1 Opprette eit prosjekt for å auke samarbeidet i næringa og hjelpe til med utvikling av strategiske prosjekt - «Rom for produktutvikling». Søkje regionale utviklingsmidlar (HNR)
- 5.2 Dialog med sentrale styresmakter om god og framtidsretta tilrettelegging av soner. (N, K)
- 5.3 Stimulere oppdrettarar til å fortsette utviklinga av berekraftig akvakultur ved oppretting av pris/felles støtteordning – grønt Hardanger. Fokus m.a. på landbasert oppdrett. (HNR)
- 5.4 Undersøkje mogelegheitene for utvida blåskjellproduksjon i Hardanger. (HNR)
- 5.5 Arbeid for å få batteriferjer inn på transportetappar i Hardanger. (K, HR)
- 5.6 Lærlingar og VGS – viktig med eit sterkt fokus på marin og maritim næring i opplæringa. Næringsfokus må inn i alle fag. (S, N)
- 5.7 Vidareforedling av laks ved fiskeslakteriet HAFI. (N)

# 6. Tiltak, landbruk og skogbruk

6.1 Rekruttere dei unge til landbruket ved å invitere barnehagar til fruktlager, invitere til gards og på andre måtar involvere dei små. (K,N)

6.2 Leggje til rette for meir produksjon av gardsmat og sider, attåt næring og opplevingsindustri i landbruket. Køyre inspirasjonssamlingar for landbrukarar i samarbeid med distriktsutviklings- og næringsorgan. (K, N, HNR)

6.3 Stimulere til gode avløyssarordningar (HNR)

6.4 Gjennomgang av rammevilkåra i landbruket – kva er dei viktigaste ynska frå Hardanger til regionale og sentrale styresmakter? (K, J, HNR, HR)

6.5 Vidareutvikle fruktdyrkinga i Hardanger. Opprette forsøksprosjekt for å utvide fruktsesongen med tidlege og/eller seine eplesortar. (N, HNR)

6.6 Opprette eit forsøksprosjekt på bær. Dyrking, pakking, lager, logistikk. (N, HNR)

6.7 Sjå på bruken av Hardanger som merkevare i fruktsal – Hardangerstjerna. Kan logoen nyttast meir, og korleis? (HR)

6.8 Skogsbilvegar: køyre ei utgreiing for å talfeste kva det vil koste å utvikle ein fast standard på 24 m og 60 tonn på prioriterte vegnett. Langsiktig arbeid for gjennomføring av standardhevinga. (HNR)

6.9 Bioenergisatsing, utnytting av treflis. Sjå på mogelegheitene her. FOU-prosjekt? (HNR, N)



# 7. Tiltak, entreprenører, bygg og anlegg

7.1 Synleggjere mogelegheiter for samarbeid mellom – og samanslåing av – små bedrifter. Nettverkssamarbeid, kompetanseutvikling. (HNR, N)

7.2 Arbeid for vidareutvikling av bedrifter for internasjonalisering. FOU-prosjekt? (N, HNR)

7.3 Sikre Hardangerkommunane sine behov for kompetent rettleiing av etablerarar i samband med realisering av «Kom-an-pakka» (fylkeskommunen). (K) (sjå også tiltak 8.4.1)

7.4 Vidareutvikle Ungt Entreprenørskap Hardanger. (NHIO)

7.5 Leggje til rette for samarbeid mellom verksemder slik at dei kan ta større oppdrag saman. (N, HNR)

7.6 Kompetanseheving gjennom kurs og konferansar og undervisning gjennom Høgskulen i Hardanger. (SHIH, NHIH, TIH, andre)

7.7 Fleire TAF-linjer på vidaregåande skule. (K, HR, S)

# 8. Andre tiltak – særskilte fokusområde

Overordna tema	Tiltak	Tiltak	Tiltak	Tiltak
<b>1. Næringsareal</b>	8.1.1 Marknadsføring av ledig areal på Arealguiden.no. (J)	8.1.2 Oppmode kommunane til å regulere ferdig næringsareal, slik at det står klart areal når investorane kjem. (HNR)	8.1.3 Marknadsføringspakke – Hardanger. (HR, HNR, J)	8.1.4 Tilbod om etablering i næringshagar, kontorfellesskap for gründerbedrifter. (NHIH, NHiO)
<b>2. Rekruttering</b>	8.2.1 Samla marknadsføring av Hardanger og ledige stillingar på messer og i høgskulemiljø. Inkl. analyse av korleis folk og verksemder oppfattar Hardanger. (K, HR, HNR) Sjå også tiltaka 1.1, 8.1.3.	8.2.2 Styrkje og vidareutvikle den nystarta, regionale traineeordninga Trainee Indre Hordaland. (NHiO)	8.2.3 Tiltak for yngre skuleelevar og barnehagar – bli kjent med landbruket i regionen. (K, N)	8.2.4 Fleire TAF-linjer på vgs. (K, HR, S)
<b>3. Kompetanse</b>	8.3.1 Kompetansekartlegging og tilpassa opplæringstilbod i regi av Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger. Kva treng bedriftene? (SHIH)	8.3.2 Oppretthalde og styrkje tilboda innan vidaregåande opplæring. Halde eit spesielt fokus på vidareutvikling og spesialisering av vgs-tilboda i Odda og Kvam, pluss Hjeltnes vgs. Styrkje Høgskulen i Hardanger sine avdelingar i Odda, Eidfjord og Øystese, som gjev undervisning på høgskulenivå. (K, HR, HNR)	8.3.3 Marknadsføringspakke – Hardanger. (HR, HNR, J)	8.3.4 Lærlingar og VGS – viktig med eit sterkt fokus på marin og maritim næring i opplæringa. Næringsfokus må inn i alle fag. (S, N) Sjå også tiltak 5.6.
<b>4. Etablerarrettlegg, entreprenørskap</b>	8.4.1 Sikre Hardangerkommunane sine behov for kompetent rettleiing av etablerarar i samband med realisering av «Kom-an-pakka» (fylkeskommunen). (K) *	* Dette er ei oppgåve som næringshagane kan utføra på oppdrag frå kommunane.		
<b>5. Samferdsle, infrastruktur, kommunikasjon</b>	8.5.1 Halde fokus oppe på viktige samferdsleområde ved utarbeiding av Utviklingsplan for Indre Hordaland. (HNR, K, HR). Vegnett, ferjetilbod.	8.5.2 Naudnett i dei lengste tunellane. Innspel til Utviklingsplan Indre Hordaland.	8.5.3 Breiband til alle. Innspel til utviklingsplan Indre Hordaland.	
<b>6. Miljø</b>	8.6.1 Grønt Hardanger. Tenkje miljø i alle trinn, felles profilering. (HR) **  ** Hardanger skal ikkje vere eit naturreservat men ha eit kulturlandskap som er i bruk. Bruk av lokale ressursar på land og sjø er grunnlag for busetnad.	8.6.2 Kartlegging: undersøkje potensial for nye arbeidsplassar innan miljøarbeid med nye klimadirektiv som vil kome. Knyte dette opp mot eksisterande industriklyngje. (SMB, HNR, NHiO) Sjå også tiltak 1.4.	8.6.3 Stimulere oppdrettarar til å fortsette utviklinga av berekraftig akvakultur ved oppretting av pris/felles støtteordning – grønt Hardanger. (HNR) Sjå også tiltak 5.3.	8.6.4 Arbeid for å få batteriferjer inn på transportetappar i Hardanger. (K, HR) Sjå også tiltak 5.5.

# Tidsplan – prioriterte aktiviteter i 2015

- Industri: Arbeid med tiltaka 1.1, 1.2 og 1.3
  - Energi: Arbeid med tiltaka 2.1, 2.2
  - Reiseliv og kultur: Arbeid med tiltaka 3.3, 3.5, 3.7, 3.10, 3.12
  - Handel, kontor og service: Arbeid med tiltaka 4.1, 4.4, 4.6
  - Marin og maritim næring: Arbeid med tiltaka 5.1, 5.2, 5.5
  - Landbruk og skogbruk: Arbeid med tiltaka 6.2, 6.4, 6.9
  - Entreprenører, bygg og anlegg: Arbeid med tiltaka 7.1, 7.3
  - Særskilte fokusområde: Arbeid med tiltaka 8.1.1, 8.2.1, 8.3.1, 8.4.1, 8.5.1, 8.6.1.
- 
- Koordinering av arbeidet, pådrivar: Hardanger Næringsråd.
  - Gjennomføringstidspunkt, alle tiltaka: Innan 31.12.2022.



# Arbeidet er støtta av:



**Utarbeidd grunnlagsinformasjon for næringsstrategien** (vedlegg kan tingast frå [liv@nhodda.no](mailto:liv@nhodda.no)):

- Oppsummeringar frå kommunemøta (7 dokument)
- Innspel frå nabokommunar (3 dokument)
- Oppsummeringar frå temasamlingar (5 dokument).

**Hardangerrådet**  
**v/daglig leder Jostein Eitrheim**

## **Hardanger Næringsråd v/Årsmøte 2017**

Hardanger Næringsråd ble stiftet 8/6 – 2011.

Medlemmer av HN i startåret 2011 var næringslag og samarbeidsorganisasjoner innen ulike næringer i alle Hardangerkommunene.

Hardanger Næringsråd har av ulike grunner ikke blitt den samlede parten for næringen i Hardanger. I dag er det kun Ulvik Næringslag, Kvam Næringsråd, Ullensvang Næringsforum og SMB Hardanger som er medlemmer.

Næringslagene har et vidt spekter av ulike interesser innenfor næringsutvikling og fremtidige målsettinger. Delvis også av konkurrerende hensyn.

Det er ikke å stikke under en stol at veier i Hardanger er et stridstema som bidrar til negative muligheter for et godt nærings samarbeid i regionen.

I perioden fra etablering til i dag har HN hatt flere arrangement som har samlet næringen.

Det kan nevnes tema som Turist i Hardanger, Samordning av turistkontora i Hardanger, Energikonferanse, Vegar i Hardanger mm. Og det er blitt utarbeidet en regional næringsstrategi som av fylket er dratt frem flere ganger som en plan med konkrete tiltak fremfor å være et dokument med masse tekst om visjoner mm.

Hardanger Næringsråd inntekter kommer i stor grad i form av medlemskontingent ca kr 15500.- pr år. Dette dekker ikke løpende utgifter og vi ser ikke muligheter til å kunne være aktive for næringen i fremtiden i denne formen.

### **Hvordan videreføre Hardanger Næringsråd og samarbeidet?**

Næringen i Hardanger og det politiske miljøet med ordførere, rådmenn i de respektive kommunen i Hardanger har behov for et møterom som kan gi signaler om fremtida eller behov for de enkelte bedriftene og hva kommunene kan bidra med. Det politiske har også behov for å kunne danne seg et tettere samarbeid med næringen, sett fra næringsiden.

I felles møte med Hardangerrådet, Ullensvang Næringsforum, Kvam Næringsråd, SMB Hardanger ble det informert om «[Team Hardanger](#)».

Med næringsforeningene i Hardanger som deltagende medlemmer/samarbeidspartnere vil «[Team Hardanger](#)» kunne stå på støtt for nettopp å kunne danne samarbeid mellom næring og det politiske Hardanger. Da som et møtested hvor Hardangerrådet sitter ved roret og samkjører tema/oppgaver mm. Innspill fra de lokale næringslagene og næringshagene i Hardanger vil kunne etablere et forum hvor det vil være betydelig enklere å samarbeide/utveksle behov og meninger.

### **Hardanger Næringsråd utfordringer:**

Størst utfordring har HN hatt med ønske fra Hordaland Fylke, Hardangerrådet med prosjektet

«*Regional Næringsstrategi*». Utestående fra HfK kr 145.000.-

For HN var dette midt i blinken for å samle sammen dokumentasjon og underlag som næringen og kommune i samarbeid kunne benytte i etterkant.

Kostnadene ble for grunnlaget av utarbeidelsen inndecket av Hordaland Fylkeskommune.

Etter hvert som prosjektet skred fremover ble det gjort avtale om utvidelse av prosjektet for å kunne dekke de flere grunnlag og bedre dokumentasjon for senere benyttelse av prosjekt: «*Regional Næringsstrategi*».

HN har imidlertid ikke fått dekket merkostnader fra HfK, av ulike årsaker som ikke blir løst.

Dokumentet som er utarbeidet er grundig og av svært god kvalitet.

Hardanger Næringsråd har sammen med Næringshagen i Odda presentert prosjektet, det er tatt godt i mot fra Hordaland Fylke og Hardangerrådet.

Hardanger Næringsråd ønsker sterkt å kunne videreføre prosjektet i en bedre form slik at eierskapet blir forbeholdt Hardangerrådet og næringen i Hardanger for benyttelse og videre redigering/oppfølging.

Hardanger Næringsråd har sammen med Hardangerrådets leder hatt en god dialog, og HN ser frem til at Hardangerrådet overtar stafettpinnen.

Økonomisk vil dette innebære en engangskostnad på kr 125.000.- eller avtale.

Kostnadene dekker de merutgifter som ble påløpt etter utvidet og forbedret prosjektutnyttelse.

Næringshagen i Odda var inkubator og ledet oppgaven på vegne av Hardanger Næringsråd. Arbeidet ble utført etter de retningslinjer som ble trukket opp av HfK. Dokumentet må komme i drift igjen for å virke som det var tiltenkt i et Hardanger som har behov for utvikling.



**Oppsummert::**

1. Hardangerrådet inngår avtale med NiO med økonomisk kompensasjon og viderefører prosjekt «*Regional Næringsstrategi*» for kr 125.000.- eller avtale.
  - a. Utestående fra HfK pr dd kr 145.000.-
  - b. Avtalt sum innbetales på HN sin konto som videre overføreravtalt beløp til NiO.
2. Hardanger Næringsråd kan betaler utestående til Næringshagen i Odda.
3. Hardanger Næringsråd oppløses som organisasjon ( Årsmøtevedtak 12.12.2017.)

«**Team Hardanger**» kan bli et godt bindeledd mellom næringsorganisasjonene og Hardangerrådet som med dette kan fortsette utviklingen og med et aktivt samarbeidsforum for næringen og det politiske i Hardanger.

Med vennlig hilsen

*Jan Ove Aasen*

for